

982848709

LAILA BJØRGE

**Mobilnummer**

957 35 405

**E-postadresse**

laila.bjorge@gmail.com

**Kontonummer** \*\*\*\* \* 04684

**Vedtaksdato**

18.09.2019

**Vedtaket er gjort av**

Lindås kommune

**Søknadsdato**

01.06.2019

**Vår ref.**

2019/1651, Agros 118022

## Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Rydding og gjerding av gamal kulturmark på Vassel

---

**Samandrag:** Lindås kommune har vedtatt å innvilge opptil 33 230 kroner i tilskot til LAILA BJØRGE til Rydding og gjerding av gamal kulturmark på Vassel. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 09.09.2022.

---

Lindås kommune viser til søknad av 01.06.2019.

### Bakgrunn i saka

LAILA BJØRGE søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 01.06.2019. Du søker om totalt 33 250 kroner i tilskot for tiltak perioden 02.06.2019-01.06.2022. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 66 500 kroner.

Søkjer ønskjer å sette opp permanent gjerde rundt 2 beite samt rydde noe skog og kratt. Det ene beite skal nyttast til beiteområde for småfe. Søkjer skal rydde 3 daa skog og kratt på arealet. Dette arealet vert beita i dag av søkjer med bruk av elektrisk gjerdenot som krevjer mye tilsyn og ekstraarbeid, så eit permanent gjerde vil være hensiktsmessig for betre utnytting av beitearealet. Beite ligg langs fylkesvegen og er difor godt synleg for alle som passerar. Det er mange som går på tur langs denne veggen, og det er eit fint landskapsrom med Bjørndalsvatnet som dominerande element med badeplass og Lindås skulemuseum ligg like ved.

Søkjer har og rydda, beita og delvis slått eit areal der det er ein del som ikkje blir drive pga små teigar/vassjuk jord som difor ikkje egna seg til slått. Söker ønsker å gjerde inn og beite arealet for å holde vegetasjonen nede slik at arealet er en naturlig del av det sammenhengande velstelte kulturlandskapet.

### Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskrifta) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak der det går føre seg ein produksjon med rett til tilskot på eigedommen, og som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2, og § 3 eller § 4.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over plantevernmidde som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Me synar til søknad om gjerding og beiterydding på G/Bn 243/2. Søknaden er handsama i tråd med Lindås kommune sin "Tiltaksstrategi for bruk av SMIL - midlar for perioden 2016 - 2019".

Kommunen har mellom anna har vurdert prinsippa i §§ 8 - 12 i naturmangfaldslova. Kommunen kan ikkje sjå

at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

<b>Område Hauamyra</b>	<b>Beløp</b>
Gjerde 500 m (80kr/m)	40000
Ganggrind, 2 stk., kjøregrind	2500
Beiterydding 3 daa,	7500
<b>Kostnad:</b>	<b>50000</b>

<b>Område Vassel</b>	<b>Beløp</b>
Gjerde 187 m. 80kr/m	14960
Grind	1500
<b>Kostnad</b>	<b>16460</b>
<b>Sum begge prosjekt</b>	<b>66460</b>

Lindås kommune har vedtatt å innvilge opptil 33 230 kroner i tilskot.

### **Vilkår for tilskotet**

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 09.09.2022. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldslova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta.

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.
- Gjerde skal vera permanent med notegard, toppstreng og bendsletråd..
- Området skal nyttast til beite/ og eller slått i minimum 10 år frå løyving.
- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket

### **Rapportering og utbetaling**

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet.

Sluttrapporteringa bør innehalde:

- ei skildring av resultatet av tiltaket og korleis det er gjennomført, og skildring av eventuelle avvik frå det som blei opplyst i søknaden og krav i dette vedtaksbrevet. Bilete kan vere viktig dokumentasjon.
- rekneskap for tiltaket, inkludert inntekter og utgifter. Opplysningar om medfinansiering frå andre kjelder skal med. Rekneskapen må bli ført slik at det kan bli samanlikna med det kostnadsoverslaget og den finansieringsplanen som låg til grunn for søknaden.

Lindås kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du, elektronisk eller skriftleg, har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Lindås kommune kan også betale ut tilskot på bakgrunn av godkjend dokumentasjon etter kvart som du utfører delar av prosjektet eller tiltaket. Vi vil halde att minst 25 prosent av tilskotet til arbeidet er fullført og sluttrekneskapen er godkjent av oss.

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 66 460 kroner. Utbetalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjente kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnader for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

### **Kontroll**

Kommunen, fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

### **Omgjering, tilbakebetaling og motrekning**

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

### **Klagerett**

Du kan klage på dette vedtaket til Fylkesmannen i Vestland. Send klaga til Lindås kommune. Vi vil sende saka vidare til Fylkesmannen i Vestland dersom vi ikkje gjer om på vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18 og § 19.

### **Meir informasjon**

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om Spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing  
for Lindås kommune

Saksbehandla av: Maya Riise

Godkjent av: Kjartan Nyhammer